



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
24.09.2018
Dykkar dato
28.08.2018

Vår referanse
2018/10616 421.3
Dykkar referanse
18/2106

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale - Lindås – Gnr. 208, bnr. 3 - Heggernes m fl - Etablering VA-anlegg - Dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 28.08.2018. Saka gjeld dispensasjon frå LNFR-føremålet i kommuneplanen og byggeforbodet langs sjø og vassdrag. Det er søkt om løyve til tiltak etter pbl. for etablering av privat fellesanlegg for vatn og avløp, der kommunen skal overta hovudanlegget.

Fylkesmannen si vurdering

Vi viser til at tiltaket skal gå nær Eikangervassdraget nokre stader. Hogst/ fjerning av naturleg kantvegetasjon for framføring av grøftegate, anleggsveg mv., må då avgrensast til eit minimum, ettersom denne sona har ein generelt viktig funksjon som område for naturmangfald og for å hindre avrenning til vassdraget. Dersom kantsona blir påverka, vil det difor vere naudsynt med særskilt løyve frå Fylkesmannen, jf. [vassressurslova § 11.](#)

Eikangervassdraget er elles eit anadromt vassdrag, med gytstrekning mellom anna nedstraums tiltaket. Vi legg til grunn at kommunen sikrar at anlegget vert etablert utan risiko for uheldig avrenning/ tilslamming, jf. lakse- og innlandsfisklova, § 7.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.